

# KONTAKTEN

Kontaktorgan Vik skule Nr.2 2017/2018 Årgang 44

VED VIK SKULE YNSKJER ME AT ALLE SKAL VERA TRYGGE, ALLE SKAL  
UTVIKLA SEG POSITIVT OG AT ALLE SKAL TRIVAST

## JULETREFEST

Det blir juletrefest på Bygdahuset tysdag 19.12  
kl.18.00-20.30.

Inni kontakten står det info om oppgåvefordeling.  
Påmeldingslapp til juletrefesten ligg som eige vedlegg.



## KALENDER FOR FØRJULSTIDA

**01.12** Me tenner julegrana på skulen.

**01.12** Adventgdusteneste i kyrkja kl. 10.00. **Alle velkommen!**

**12.12** Juleverkstad og grautfest for alle elevane. Føresette og anna familie er velkomne til å vere medhjelparar på juleverkstaden. Det er fint om kontaktlærer får melding om dei som vil vere med.

Elevar som likar graut treng ikkje ha med seg niste.

**19.12** Juletrefest på bygdahuset kl. 18.00- 20.30.

**22.12** Siste skuledag før jul. SFO er open til kl. 16.30.

## BUSSTIDER

Etter jul byter me på kva dagar bussen går sør eller nord først. Busstider etter skuletid **blir då:**

| Dagar             | Nord  | Sør   |
|-------------------|-------|-------|
| Måndag            | 13.05 | 13.30 |
| Tysdag og torsdag | 14.15 | 13.50 |
| Ons               | 12.40 | 12.40 |
| fredag            | 13.50 | 14.15 |



## RÅDSORGAN VIK SKULE OG BARNEHAGE 2017-2018

### Elevrådet

| Namn               | Klasse | Funksjon / representant i       |
|--------------------|--------|---------------------------------|
| Alfinn Bjerga      | 4.kl.  |                                 |
| Hanna F. Svendsbøe | 5.kl.  | SU -Skrivar                     |
| Kristoffer Olsen   | 6.kl.  | Barnas kommunestyre             |
| Mona Trovåg        | 7.kl.  | SU - Barnas kommunestyre -Leiar |

### FAU - Foreldrerådet sitt arbeidsutval

| Namn                 | Klasse | Funksjon / representant i      |
|----------------------|--------|--------------------------------|
| Elisabeth Julsrud    | 1.kl.  | Medl. i skulemiljøutval        |
| Andreas Vågen        | 2.kl.  |                                |
| Gudvin Hetland       | 3.kl.  | Leiar og medlem i SU           |
| Ole Petter Bjerga    | 4.kl.  | Medl. i kommunalt kontaktutval |
| Alice Frøvik         | 5.kl.  | Skrivar                        |
| Cathrine H.Tindeland | 6.kl.  | Medlem i SU                    |
| Kjetil Skartland     | 7.kl.  | Medl. i kommunalt kontaktutval |

### SU- Samarbeidsutvalet

| Namn                  | For                    | Funksjon  |
|-----------------------|------------------------|-----------|
| Cathrine H. Tindeland | FAU Skulen             |           |
| Gudvin Hetland        | FAU skulen             | Leiar     |
| Anna Høviskeland      | Foreldreråd barnehagen |           |
| Beate Håland          | Foreldreråd barnehagen | Nestleiar |
| Judith Gundersen      | Lærarane               |           |
| Anne Byrkja           | Tilsette barnehagen    |           |
| Ellen Skretteberg     | Tilsette barnehagen    |           |
| Hjørdis Marie Vårvik  | Andre tilsette skulen  |           |
| Hanna F. svendsbøe    | Elevrådet              |           |
| Mona Trovåg           | Elevrådet              |           |
| Johannen Hustveit     | Kommunen               |           |
| Anne Marte W. Tveit   | Einingsleiar           | Skrivar   |

# Juletefest

Det vert juletefest tysdag 19. desember klokka 18.00 – 20.30.

FAU har lova at foreldra kan vera med på det praktiske arbeidet med festen. Tusen takk til alle! Skulen kjøper inn og gjer klart alt ein treng av utstyr og mat.



## Oppgåvefordeling :

Tillaging av salen, dekke bord, skaffe og pynte juletre måndag 18/12 kl.19.00: 1. og 2.klasse sine føresette.

Koke kaffi og ta imot inngangspengar 19/12 kl.17.00 Klassekontaktane i 5.- 6. klasse (dei skaffar event. andre om det ikkje passar)

Rydde bordet etter maten, vaske opp og rydde kjøken etter festen:

Resten av 5.-7.klasse sine føresette.

Rydde og koste salen etter festen: 3.og 4.klasse sine føresette.

## Dei som har barn i fleire klassar:

Dei som har barn både i 1.-2. klasse og i 3.-7. klasse, er berre med på å lage til.

Dei som har barn både i 3.-4.kl og 5.-7. klasse ser kor det er mest å gjere og blir med på det.

## Inngangspengar:

Me tar 50 kr. pr. pers. i inngangspengar .

Elevane går gratis. Dette skal gå til å dekke utgifter til festen.

For at det skal vere ro i salen skal sysken sitje saman med foreldre/ besteforeldre på stolar ved borda. Elevane sit på stolar og benker framme ved scenen. Det er diverre ikkje mogleg å ta av plass til dei ved bordet.



## **Referat frå møte i samarbeidsutvalet Vik skule og barnehage 20.09.17**

Desse møtte:

2 elevrepresentantar: Mona Trovåg og Hanna F. Svendsbøe

Frå FAU på skulen: Gudvin Hetland

Frå undervisningspersonalet: Judith Gundersen

Frå andre tilsette: Hjørdis Marie Vårvik

Frå foreldrerådet i barnehagen: Beate Håland

Frå tilsette i barnehagen: Ellen Skretteberg og Anne Byrkja

For kommunen : Anne Marte W. Tveit og Johannes Hustveit

Forfall: Cathrine H. Tindeland og Anna Høviskeland

### **SAKSLISTE:**

#### **Sak 1 Orientering om arbeidet i samarbeidsutvalet**

Ved kvar skule skal det vere eit samarbeidsutval med representantar frå tilsette, foreldre, elevar og kommunen. Ved Vik skule og barnehage er det felles samarbeidsutval for skulen og barnehagen. Anne Marte orienterte om arbeidet i samarbeidsutvalet (SU). SU har rett til å uttala seg om alle saker som gjeld skulen eller barnehagen. Det er SU som er høyringsinstans for saker frå kommunen.

#### **Sak 2 Konstituering Val av leiar og nestleiar.**

Gudvin Hetland blei valt til leiar

Beate Håland blei valt til nestleiar

#### **Sak 3 Godkjenning av årsplan for barnehagen**

Anne Byrkja gjekk gjennom årsplanen for barnehagen. Ho orienterte mellom anna om at det i år er komen ny rammeplan for barnehagen. Alle i personalet har lese og jobba med den nye rammeplanen og dei blir gjennom året kursa i denne.

Årsplanen blei godkjent utan merknader.

#### **Sak 4 Diverse orienteringssaker**

- Elevrepresentantane Mona Trovåg og Hanna F. Svendsbøe forklarte korleis dei nytta iPad i undervisinga. Dei brukte den både til både til arbeid på skulen, innleveringar av oppgåver og til å gjere lekser på. Dei kunne t.d. leste inn leksene på iPaden og fekk kommentar tilbake frå læraren. Me vaksne blei skikkeleg imponert av det dei viste og kunne.

- I 2007 vedtok SU og kollegiet på skulen i samarbeid rulleringsplan for lokale tema på skulen. Dette fungerer godt og me vil halde fram med dei same tema som me har hatt.  
Tema i år: " Ålfjorden"  
Kulturettermiddag blir 07.06.2018.
- Me har stabilt og godt kvalifisert personale i eininga.
- Informasjon om nytt regelverk – nulltoleranse mot mobbing. Frå 01.08 er det vedteke nytt regelverk om skolemiljø.

## **Sak 5 Evaluering av ny tilbudsstruktur i SFO**

SU ved Vik skule og barnehage sendte dette høyringssvaret:

### **Svar på høyring frå SU ved Vik skule og barnehage.**

Evaluering av endring av tilbudsstruktur og vedtekter i Skulefritidsordninga gjort gjeldande frå 01.08.2016.

Saka er sendt ut til alle føresette som nyttar SFO-tilbodet ved Vik skule. Saka er og behandla i personalet i SFO. SU har fått innspel frå føresette og frå personalet.

### **SU ved Vik skule og barnehage gir dette høyringssvaret:**

- Ordninga med at ein må kjøpe heile dagar fungerer godt. Det bør halde fram som no.
- Søskenmoderasjon bør halde fram slik som no.
- Ordninga med feriepakke bør evaluerast på nytt. Den bør vere meir fleksibel og ein bør t.d. berre kunne kjøpe sommarpakke.
- Ein bør få velje dagar fritt slik ein gjer i barnehagen. Pakkane som er laga har **ingen** hensikt og gjer både søknadsprosess og administrasjon vanskelg. Det gjer og at enkelte må betale for SFO-dagar dei ikkje nyttar, og at enkelt ikkje nytta SFO då dei synes det blir sers dyrt å måtte betale for dagar dei ikkje har behov for.
- Det må vere ein pris for lang SFO-dag og ein pris for kort SFO-dag.

- Ein må kunne kjøpe morgon –SFO utan å kjøpe ettermiddag-SFO. Ein må kunne velje kva dagar ein vil ha morgon-SFO.
- Der det ligg til rette for det bør samarbeid med barnehagane om morgontilbod halde fram. Då er tilbodet frå kl. 06.45. Dette er kanskje mogleg fleire plasser enn hos dei som nyttar dette nå.
- Gammal ordlyd i vedtektene hadde - «bør» vere 5 barn for å halde SFO open -er nå endra til «må». Dette bør endrast tilbake til «bør». Det er viktig med forutsigbarhet for føresette, og om det er mogleg å få til å halde opent enkelte dagar med t.d. 4 barn bør det vere rom for det.

*For Vik skule –SFO ville søknadsskjema (utanom ferie pakke) blitt slik:*

|   | Måndag<br>Kort SFO | Tysdag<br>Kort SFO | Onsdag<br>Lang SFO | Torsdag<br>Kort SFO | Fredag<br>Lang SFO |
|---|--------------------|--------------------|--------------------|---------------------|--------------------|
| <b>Ettermiddag</b><br>Frå skuleslutt til<br>16.30 |                    |                    |                    |                     |                    |
| <b>Morgon</b><br>Kl. 06.45-08.00                  |                    |                    |                    |                     |                    |

*For SU ved Vik skule og barnehage*

*Anne Marte W. Tveit*

*Referent*

*Gudvin Hetland*

*Leiar*

## **Sak 7 Budsjettsituasjonen**

Budsjettsituasjonen ved eininga er OK.

*Anne Marte W. Tveit*

*Skrivar*

### **Telefonnr. og e-post**

|                            |                       |                           |             |
|----------------------------|-----------------------|---------------------------|-------------|
| <b>Rektor</b>              | 53 65 57 30/ 92241257 | <b>Arbeidsrom (lærer)</b> | 53 65 57 33 |
| <b>SFO</b>                 | 53 65 57 35           | <b>Barnehage</b>          | 53 65 57 39 |
| <b>Merkantil (ty + to)</b> | 53 65 57 32           |                           |             |

[anne.marte.waage.tveit@vindafjord.kommune.no](mailto:anne.marte.waage.tveit@vindafjord.kommune.no)

[anni.hetland@vindafjord.kommune.no](mailto:anni.hetland@vindafjord.kommune.no)

## **SKYSS AV ELEVAR**

Minner om tidlegare vedtak i FAU: «Skuleelevar som får bilskyss bør hentast og leverast ved sykkelskuret nede ved ballbingen. Det er ofte for mange bilar og det blir farlege situasjonar ved den andre parkeringsplassen. Elevane har ikkje vondt av å gå opp bakken.»

## **ADVENTGUDSTENESTE**

Som ein del av skulen si kultur og tradisjonsformidling har me i mange år hatt gudsteneste i kyrkja siste dag før juleferieen. Me vil framleis ha gudsteneste i kyrkja ein gong kvart år, men kjem framover til å ha denne på ulike tider av året, t.d til advent, pinse eller påske. I år blir det adventgudsteneste 01.12.17. Alle som vil er velkomne til gudsteneste.

Det er frivillig å vere med på gudstenesta, og skulen vil ha eit alternativt tilbud dersom nokre ikkje ønskjer å vere med. Det er foreldra som bestemmer om elevane ikkje skal vere med på gudstenesta, og skulen må ha skriftleg melding om fritak innan 29.11.17. Ein treng ikkje skrive grunn for ønskje om fritak.



## Kalender våren 2018

|                   |   |
|-------------------|---|
| 02.01             | Oppstart etter juleferien   |
| 11.01             | Samtaletid helsesøster 08.30 – 11.00  |
| 16.01             | Dansehalvdag for alle klassar 4. -6. time.  |
| 22.01             | <b>Elevfri</b>  |
| 25.01.            | Samtaletid helsesøster kl. 08.30. – 11.00   |
| 06.02             | Fellessamling i Muna kl. 10.00. Ansvar mellomtrinnet i 6. klasse.                           |
| 08.02             | Samtaletid helsesøster kl. 08.30 – 11.00.   |
| 12.02-<br>19.02   | <b>Vinterferie</b>  |
| 22.02.            | DKS 1. – 7. klasse. Kl. 09.45. «Rrytmeeventyr»<br>Samtaletid helsesøster kl. 08.30 – 11.00. |
| 27.02             | DKS 1. – 4. klasse kl. 09.15. « Veslefrikk med fela».                                       |
| 08.03             | Samtaletid helsesøster kl. 08.00 – 11.00.<br>Vaksinering 7. klasse jenter. HPV – vaksine.   |
| 12.03.            | Kartleggingsprøver for 1. – 4. klasse med gjennomføring 12.03. – 13.04.                     |
| 22.03             | 7. klasse jenter HPV – vaksine.   |
| 23.03.            | Fellessamling i MUNA kl. 10.00. Ansvar 1. – 2. klasse.                                      |
| 26.03.-<br>03.04. | <b>Påskeferie.</b>  |
| 03.04             | Fyrste skuledag etter påskeferien.  |
| 05.04             | Samtaletid helsesøster 08.30 – 11.00.   |
| 16.04             | Veke 16 «Ryddig gang» - konkurranse mellom klassane.  |
| 19.04             | Samtaletid helsesøster kl. 08.30 – 11.00.   |
| 23.04             | Konferanseveke  |
| 30.04             | <b>Skulefri</b>   |
| 01.05             | <b>Skulefri</b>   |
| 03.05             | Samtaletid helsesøster kl. 08.30 – 11.00  |
| 07.05             | Innskriving av nye elevar. Innskrivingsfest.  |
| 10.05             | <b>Kristihimmelfartsdag.</b>  |
| 11.05             | <b>Skulefri</b>   |
| 16.05             | Fellessamling. Me syng vårsongar og nasjonalesongar. Øver på å gå i tog før 17. mai.        |
| 17.05             | <b>17. mai</b>  |
| 18.05             | <b>Skulefri.</b>  |
| 21.05             | <b>Skulefri</b>   |
| 22.05             | Start på tema om Ålfjorden.   |
| 31.05             | Samtaletid helsesøster kl. 08.30 – 11.00  |
| 07.06.            | Kulturrettermiddag.   |
| 14.06             | Samtaletid helsesøster kl. 08.30 – 11.00.   |
| 20.06             | Friidrettsdag.  |
| 21.06             | Rydding i klasserom. Mellomtrinnet ryddar spesialrom.                                       |
| 22.06             | Siste skuledag før ferien. Natursti, grilling, takk for oss frå 7. klasse.                  |